



Vurdering for utvikling

Rapport

Veke 39, 27.-29. september 2021

Tema: Relasjonar

Solund barne og ungdomsskule



Vurderar

Frank Oppedal

Vurderar

Anne Erstad

Innhald

1. Føreord	3
2. Oppsummering.....	4
3. Fakta om skulen og val av vurderingstema	4
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5. Framtidsbilete	6
6.Vurderingar	7
Kvalitetsmål: Borna	7
Kvalitetsmål: Personalet/tilsette.....	11
Kvalitetsmål: Foreldra	15
Kvalitetsmål: Organisasjonen	17
7. Spørsmål til refleksjon	19
8. Vidare arbeid	19
Vedlegg:.....	21
Deltakarar i vurderinga	21
Tidsbruk.....	21
Metodar.....	21
Samtaleguidar og skjema	21

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:
«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:
«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen eller skulen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen og skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Oktober 2021

Gøril Fristad

Utviklingsleiar for barnehage og skule,
Oppvekst og utdanning i HAFS
Mobil: 92641210
E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Relasjonane mellom dei vaksne og elevane på Solund barne- og ungdomsskule er generelt gode. Dette gjeld også relasjonane elevane imellom. Tonen mellom barna og dei vaksne er god og dei vaksne er flinke til å rose og støtte elevane. Dei vaksne er også tydelege rollemodellar som er til stede der barna er. Foreldra er generelt nøgde med skulen og dei opplever at det er lett å ta kontakt med skulen.

Solund barne- og ungdomsskule er einaste skule i Solund kommune. Miljøet er lite og mange, både elevar og vaksne har relasjonar også utanfor skulen. Dette kan vere med på å styrke relasjonane mellom elevane og dei vaksne, men det kan også føre til utfordringar.

Vi har sett mange døme på god støtte og rettleiing i undervisning og i sosiale situasjonar. Likevel verkar det som dei tilsette handlar individuelt og ikkje ut frå fellesforståing. Det er også ei utfordring at skulen er delt i to bygg, og både tilsette og leiinga har eit ansvar for å skape ein felleskultur og å betre kommunikasjonen.

3. Fakta om skulen og val av vurderingstema

1. Fakta

Solund barne- og ungdomsskule er fådelt 1-10 skule med 73 elevar. Skuleåret 2021 – 2022 er skulen organisert med 4 delt barneskule og 3 delt ungdomsskule. Skulen er den einaste skulen i Solund kommune og ligg i kommunesenteret Hardbakke.

Ved skulen er det om lag 16 årsverk, medrekna fagarbeidarar, lærarar, reinhaldarar og skuleleiing. Personalgruppa er samansett med tilsette som har lang yrkeserfaring og som har jobba stor del av yrkeslivet sitt ved denne skulen. I personalgruppa er det også nytilsette og nyutdanna.

Skulen har vore del av omorganisering innan oppvekst. Implementeringa av ny praksis i organisasjonen stoppa noko opp grunna Covid-19.

2. Val av vurderingstema

Vurderingstema vart valt fordi vi opplevde på skulen å arbeider med fleire ulike «prosjekt» som omhandlar relasjonar på ulike nivå og mellom ulike grupper. Her kan nemnast evaluering av sosial handlingsplan, god klasseleiingspraksis, fagleg samarbeid mellom lærarar, utvikle SFO-tilbodet, erfaringsdeling, verte betre på tilbakemelding til elevar, korleis ha gode konferansesamtalar mm.

Solund kommune er eit lite samfunn og det kan vere utfordrande å sjonglere mellom dei ulike rollene som kan oppstå; læraren som er foreldre, trenar, nabo, søskenbarn osv. Eller føresettt som er nabo, venn, kollega osv. Vi ønskja å utvikle og verte meir medveten vår relasjonelle praksis.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern skulevurdering er eit verkty for å hjelpe skulen med å vurdera og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til skule for å observera og snakka med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern skulevurdering består av fem trinn:

1. Velja område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til skulen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar



å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern skule- og barnehagevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](http://Utdanningsdirektoratet.no/heimside)

5. Framtidbiletet

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, læreplanen eller skulen sine eigne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og skulen, og til slutt godkjende av skulen.

Tema: Relasjonar

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<p>Elevane</p> <p>Elevane opplever trygge relasjonar både til kvarandre og dei vaksne</p>	<p>1. Eleven opplever positivt samarbeid med andre</p> <p>2. Eleven føler seg sett av både lærarar og medelevar</p> <p>3. Elevane omtalar kvarandre/andre på ein fin måte</p> <p>4. Eleven opplever omsorg og støtte</p> <p>5. Eleven har tru på seg sjølv</p>

<p>Dei tilsette</p> <p>Dei tilsette er gode rollemodellar</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Å gå på jobb gjer med glad og eg utviklar meg til eit betre menneske 2. Dei tilsette er lyttande, tydelege og varme 3. Kommunikasjonen med kvarandre, elevar og føresette 4. Kommunikasjonen er open og ærleg 5. Dei tilsette har lik praksis 6. Rettleiing vert nytta til å skape trygge relasjonar
<p>Dei føresette</p> <p>Dei føresette opplever at dei tilsette på skulen ser heile eleven.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Relasjon er fast tema på konferansesamtalar 2. Hyppige, positive meldingar til føresette, td. på VFS 3. Føresette omtalar skulen positivt 4. Føresette har god dialog med skulen og opplever at det er lett å ta kontakt
<p>Skulen som lærande organisasjon</p> <p>Skulen er ein lærande organisasjon som utviklar dei tilsette sin relasjonskompetanse.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tydelege rammer og retningslinjer på kva som er forventa 2. Pedagogisk fellesskap/kollektivt arbeid vert vektlagt 3. Leiinga legg til rette for at tilsette bygger relasjonar 4. Innspel frå råd, utval og tilsette får medverke i plan, utviklingsarbeid og visjonar.

6.Vurderingar

Kvalitetsmål: Elevane

“Gjennom god rettleiing opplever eleven trygge relasjonar”.

1. *Teikn på god praksis: Eleven opplever positivt samarbeid med andre*

God praksis:

Elevane seier at dei i stor grad trivst på skulen og at dei føler seg som ein positiv del av fellesskapet i klassen og på skulen. Skulen er liten og det er ikkje så mange

elevlar på skulen. Dermed kjenner dei fleste elevane kvarandre og ein kjenner seg som del av eit fellesskap. Elevane seier at dei i stor grad kan arbeide med kven som helst og på ulike måtar. Dersom nokon føler seg utanfor eller går åleine, prøver andre elevlar å inkludere dei. Elevane meiner at alle har nokon å vere med, om dei ønskjer det.

Trivselsleiarane organiserer aktivitetar i matfriminutta. Desse aktivitetane er i stor grad populære og bidreg til å skape ein positiv fellesskap mellom elevane. Skulen arrangerer også turar og fellesmåltid, som er med på å skape samhald og positive relasjonar.

Praksis som kan bli betre:

Elevane seier at dei fleste kjenner kvarandre og at dei også har relasjonar utanfor skulen. Likevel peiker ein del på at det kan vere vanskeleg for nye elevlar å passe inn. Dei fleste elevane har relasjonar frå før, og då kan det vere utfordrande å komme inn i eit relativt lite miljø.

Aktivitetane til trivselsleiarane er i stor grad populære, men fleire av elevane seier at det kan vere vanskeleg å leie aktivitetane fordi nokon bryt reglane.

2. Teikn på god praksis: Eleven føler seg sett av både lærarar og medelevar

God praksis:

Ettersom skulen er liten og klassane relativt små, føler dei fleste elevane at dei vert sett av både lærarar og andre elevlar. Det er ein generelt god tone mellom dei vaksne og elevane på skulen. Elevane vert i stor grad møtt med smil og at lærarane ønskjer dei velkommen. I tillegg er lærarane flinke til å inkludere elevlar som føler seg litt utanfor eller har ein dårleg dag.

Dersom det oppstår ein konflikt, prøver dei vaksne å løyse opp i den så fort som mogleg. Elevane seier at dei vaksne prøver å finne ut kva som har skjedd ved å spørje begge partane i konflikten. Som oftast vert konflikthar løyst raskt fordi dei vaksne er flinke til å følgje med i friminutta og fordi dei prøver å løyse situasjonar når

dei oppstår. Elevane veit i stor grad kva reglar som gjeld på skulen. Ved regelbrot eller uønskt oppførsel kan det bli gitt åtvaringar og merknader, men vanlegvis nøyer læraren seg med å korrigere eleven. Det kan også bli gitt positive merknader når eleven har gjort noko bra, og dette set elevane set pris på. Elevane seier også at dei positive merknadene vert godt mottekne heime.

Praksis som kan bli betre:

Lærarane er i stor grad flinke til å sjå alle elevane. Likevel opplever nokre elevar at ikkje alle vaksne grip inn i alle kranglar og konflikhtar. Sjølv om det er mange vaksne som deltar i inspeksjon, får dei ikkje med seg alle episodane som skjer mellom elevane. Dei vaksne reagerer heller ikkje likt på regelbrot eller uønskt oppførsel.

Elevane er delte i synet på bruken av merknader. Dei fleste er i utgangspunktet positive til at skulen nyttar positive og negative merknader, men fleire reagerer på at skulen ikkje har ein felles praksis på kva som kvalifiserer for å få ein merknad. Nokre lærarar brukar å gi merknad for det elevane kallar bagatellar, mens andre berre gir merknader i meir alvorlege tilfelle.

3. Teikn på god praksis: Elevane omtalar kvarandre/andre på ein fin måte.

God praksis:

Elevane seier at det stort sett også er ein god tone dei imellom. Dei fleste kjenner kvarandre og er venlege mot kvarandre. Elevane har ein god tone med lærarane. Samtalane mellom elevane og mellom elevane og lærarane er ofte prega av spøk og moro. Dette har vi også observert i klassane og i friminutta.

Dei fleste elevane seier at dei har eit godt klassemiljø, prega av respekt og gode relasjonar. Lærarane er opptekne av å minne elevane på å respektere kvarandre og fleire av klassereglane handlar om å vise respekt for medelevane. Klassemiljø og relasjonar er også tema i klasseråd og elevråd. I observasjonane såg vi mange gode døme på at elevane viste respekt for kvarandre.

Praksis som kan bli betre:

Sjølv om tonen mellom elevane oftast er god, nemner fleire av elevane at ein del av språkbruken er prega av banning og grov munnbruk. Dei vaksne omtalar kvarandre og elevane på ein fin måte, men ein del av elevane er brukar også grovt språk når dei snakkar med og omtalar dei vaksne. Respekt og relasjonar er tema i mange av klassane, men nokre elevar seier at dei vert utrygge på grunn av banninga og språkbruken blant ein del av elevane. Dei reagerer også på ein del negative kommentarar. Også foreldra meiner at grov språkbruk kan vere ei utfordring i nokre av klassane.

Nokre av trivselsleiarane seier at det hender at elevar ikkje høyrer på dei eller respekterer dei når dei leiar ein aktivitet i matfriminuttet. Dette kan vere med på å øydelegge leiken.

4. *Teikn på god praksis: Elevane opplever omsorg og støtte*

God praksis:

Elevane seier at lærarane stort sett er snille og omsorgsfulle og at dei bryr seg om alle elevane. Dette har vi sett mange døme på i observasjonane både i timane og i friminutta. Lærarane er ofte flinke til å gi ros og å spørje om elevane sine interesser og aktivitetar. Lærarane er, ifølgje elevane, også flinke til å støtte elevane i læringa. Mål og forventningar vert formulert både skriftleg og munnleg og lærarane gir elevane gode tilbakemeldingar på kva dei gjer bra og kva dei må gjere for å utvikle seg i faga. Elevane opplever at det er lett å ta kontakt med dei fleste vaksne, også etter skuletid.

Praksis som kan bli betre:

Elevane likar å få positive merknader, men meiner at ein del lærarar kan bli flinkare til å gi desse. Samtidig er det viktig for elevane at dei positive merknadane vert gitt i tilfelle der eleven har gjort seg fortent til dei og ikkje for vanleg oppførsel som ein vanlegvis forventar av ein elev.

I det store og heile kjenner elevane til kva som vert forventa av dei, både fagleg og sosialt. Likevel meiner elevane i nokre av klassane at vekeplanane er for omfattande. Når planen vert for lang og uoversiktleg, vert det ofte slik at dei ikkje les planane.

Fleire av elevane etterlyser planar som er mindre omfattande og meir brukbare i kvardagen.

5. *Teikn på god praksis: Eleven har tru på seg sjølv*

God praksis:

Mange elevar uttrykker at dei har tru på seg sjølve og at dei kjenner seg trygge, både sosialt og fagleg. Skulen arbeider godt med å skape gode relasjonar som fremjar trivsel og tryggleik. Dei tilsette ved skulen er også gode rollemodellar og dei formidlar forventningar på ein tydeleg måte.

Praksis som kan bli betre:

Grov språkbruk, banning og negative kommentarar blant elevane gjer at enkelte elevar kjenner seg utrygge og usikre. Trivselsleiarane kan kjenne seg utrygge og leie seg når andre elevar øydelegg aktivitetane dei har planlagt.

Kvalitetsmål: Personalet/tilsette

“Dei tilsette er gode rollemodellar”

1. *Teikn på god praksis: Å gå på jobb gjer med glad og eg utviklar meg til eit betre menneske.*

God praksis:

Dei tilsette gir uttrykk for at dei trivast på jobb og at dei likar seg godt saman med elevane og dei andre tilsette. Omgangstonen er lett og ledig og det er ein utprega positiv og hyggeleg atmosfære på skulen. Observasjonane våre stadfestar dette synet. Dei nytilsette seier at dei har blitt tekne godt imot og dei har vorte inkluderte i gruppa. Ein del av dei tilsette møtast også i andre sosiale samanhengar, og dette kan vere med å styrke relasjonane mellom dei. Dei tilsette opplever rektor som synleg og hjelpsam.

Praksis som kan bli betre:

Trivselen blant dei tilsette er gjennomgåande god, men graden av relasjonar varierer stort, særleg mellom tilsette på ulike steg. Fleire av dei tilsette etterlyser at heile gruppa av tilsette vert meir samansveisa.

2. Teikn på god praksis: Dei tilsette er lyttande, tydelege og varme kommunikasjonen med kvarandre, elevar og føresette.

God praksis:

Dei tilsette opplever at dei har eit godt forhold til elevane. Dei vaksne på skulen er medvitne om å møte elevane på ein venleg og respektfull måte når elevane kjem på skulen om morgonen. Vidare prøver dei vaksne å sjå kvar enkelt elev i løpet av ein skuledag. Mange av dei tilsette kjenner borna og heimen deira også i andre samanhengar, og dette kan styrke relasjonen mellom lærar og elev. Lærarane viser omsorg for elevane og er opptekne av å vere gode rollemodellar for dei. Dei tilsette seier at det er viktig å gå føre med eit godt døme for å spegle kva slags oppførsel ein forventar.

I observasjonane har vi sett mange gode døme på varm og tydeleg kommunikasjon mellom lærar og elev. Fleire lærarar understrekar at det er viktig å ikkje ta seg sjølv for høgtideleg og å bygge ein kultur der det er rom for å gjere feil. Dei tilsette er likevel tydelege vaksne både i klasserommet og i friminutta. Elevane verkar å stole på og å ha tillit til dei vaksne og dei vaksne seier at det er lettare å løyse opp i konflikhtar og å korrigere uønskt oppførsel om ein har ein god relasjon til eleven.

Praksis som kan bli betre

Lærarane føler at dei har gode relasjonar til dei fleste elevane, men de tilsette seier at dei ikkje når like godt inn til alle elevane. Solund er eit lite samfunn der alle kjenner alle. Lærarane kjenner ofte til heimesituasjonen til elevane, men dette kan også vere ei utfordring. Nokre lærarar seier at det kan vere vanskeleg å ta opp saker med heimen når ein har relasjonar også utanfor skulen. Nokre lærarar hamnar av og til i konflikt med enkelte elevar, og det kan ta tid før desse relasjonane vert betre.

3. Teikn på god praksis: Kommunikasjonen er open og ærleg

God praksis:

Dei tilsette seier at dei generelt har gode relasjonar til kvarandre, særleg dei tilsette som arbeider på same trinn. Det er stort sett lett å gje beskjedar og ta opp problemstillingar på teammøte. Samarbeidet og kommunikasjonen mellom dei tilsette på dei same stega er vanlegvis god og usemje mellom lærarar vert handsama når elevar ikkje er til stade. Ved å vise at dei vaksne samarbeider, vil dei tilsette stimulere til samarbeid og fellesskap også blant elevane.

Praksis som kan bli betre:

Det vert sagt at samarbeidet mellom dei tilsette på barne-/mellomsteget og ungdomssteget bør bli betre. Mange av dei tilsette seier at dei ikkje oppfattar skulen som éi eining, men som to ulike system. Den fysiske avstanden fører til at dei tilsette veit lite om kva som blir gjort på dei andre stega, og kommunikasjonen og samarbeidet mellom stega er mangelfull. Både nytilsette og meir erfarne lærarar set på dette som ei utfordring.

For ein del kjennest det vanskeleg å ta opp saker og å komme med innspel på fellesmøte. Ein del tilsette tek heller opp utfordringar i meir uformelle fora, som til dømes i gangane. Fellesmøta er ofte tause, men nokre få tilsette tar opp utfordringar i plenum og vil skape debatt. Nokre av dei tilsette oppfattar at personalgruppa vegrar seg for å ta opp vanskelege saker. I staden for å ta diskusjonen i plenum, vert ansvaret skjøve over til rektor. I periodar oppfattar ein del av dei tilsette det som vanskeleg å ta opp saker med rektor. Dette gjeld særleg i periodar som er travle for rektor. I periodar kan også mengda av informasjon frå rektor via e-post vere i overkant stor.

4. Teikn på god praksis: Dei tilsette har lik praksis

God praksis:

Dei tilsette opplever at dei har mange felles reglar. Dei tilsette på kvart steg samarbeider godt og drar i same retning. Ei slags felles forståing for kva gode relasjonar inneber, sjølv om temaet ikkje har vore oppe til diskusjon så ofte på møte.

Praksis som kan bli betre:

Det er stort sett semje om kva reglar som gjeld på skulen, men handhevinga av dei varierer mykje. Sjølv om ein aksepterer at ulike lærarar vil reagere ulikt på ulike episodar, saknar fleire av dei tilsette ein meir felles praksis på korleis ein reagerer på uønskt oppførsel blant elevane. Ikkje minst gjeld dette uro, kommentarar og grov språkbruk. Lærarane vil ikkje nødvendigvis ha strengare reglar eller strengare handsaming av desse reglane, men ein meir felles praksis for heile skulen. Fleire av dei tilsette er usikre på kor effektiv bruken av merknader er. Det finst ulike kanalar for kommunikasjon mellom heim og skule. Mange lærarar håpar at overgangen til Visma vil føre til ein meir felles praksis også på dette området.

Det er for liten kommunikasjon mellom stega, særleg mellom småsteget og mellomsteget på den eine sida og ungdomssteget på den andre. Ein har felles møtetid, men dei tilsette seier at dei veit lite om kva som vert bestemt på dei andre stega. Det er mykje større fagleg trykk og fokus på teori på ungdomssteget og det vert nemnt at det kan vere vanskeleg å lage tverrfaglege opplegg med elevar på fleire steg. Av og til opplevast dei to bygningane som to ulike system.

Dei tilsette seier at dei har nokolunde likt syn på kva gode relasjonar inneber, men dei etterlyser fleire diskusjonar om temaet i fellesskap. Ein snakkar jamleg om relasjonar og klassemiljø i ulike fora, men temaet har ikkje vore ein del av eit systematisk utviklingsarbeid i det siste.

5. *Teikn på god praksis: Rettleiing vert nytta til å skape trygge relasjonar*

God praksis:

Lærarane brukar rettleiing medvite for å skape trygge relasjonar med elevane. Rettleiinga skjer i både formelle og uformelle samanhengar. Samarbeidet mellom dei tilsette på stega er godt og dei nyttilsette vert godt inkluderte i gruppa.

Praksis som kan bli betre:

Skulen arbeider ikkje systematisk med å rettleie personalet. Ein har mange gode mål og intensjonar, men manglar konkrete tiltak og oppfølging av desse. Dermed vert det

ein del individuell praktisering når det gjeld relasjonsbygging. Nytilsette treng meir oppfølging og evaluering av si handtering av situasjonar

Kvalitetsmål: Foreldra

“Dei føresette opplever at dei tilsette på skulen ser heile eleven”

Vurderinga skulle ha vore gjennomført i vinter, men vart avlyst grunna korona. Då kunne ein ikkje ha foreldremøte og det vart difor laga ei spørjeundersøking som vart sendt ut ei veke før vurderinga. I kommentarane under har ein brukt både resultat frå spørjeundersøkinga og frå foreldremøtet 27.9. Sjølv om det var to ulike skuleår var resultatata samanfallande.

1. *Teikn på god praksis Relasjon er fast tema på konferansesamtalar*

God praksis:

Foreldra meiner at relasjonar er tema på foreldresamtalene

Praksis som kan bli betre:

Samtalene dreier seg

mykje om

klasse miljøet, lite om


forhold til andre elevar

i andre klassar eller

dei vaksne.

Foreldra meiner det er varierende praksis i korleis og når ting blir tatt opp. Både i fjor og i haust har stygg munnbruk vore nemnd som noko som skapar uhygge. Foreldre og elevar meiner at det varierer korleis dei tilsette reagerer på dette.


Er relasjonar tema på foreldremøte og/eller foreldresamtaler
25 svar



2. *Teikn på god praksis: Hyppige, positive meldingar til føresette, td på VFS*

Meiner du skulen har gode informasjonskanalar og –rutinar?

25 svar



God praksis:

Positive merknader blir opplevd som positive. Skulen er blitt flinke til det. Også elevane er

positive til dei positive merknadene. Tidlegare har det vore mange kanalar for kommunikasjon, no skal alle bruke VFS. Ein trur det kan bli betre.

Praksis som kan bli betre:

Elevar, foreldre og tilsette er i tvil om dei positive merknadene blir brukt på rett måte. Får nokon ros for noko som er vanleg for dei fleste? Er det nokon som aldri får ros, men oppfører seg pent likevel. Elevane meiner praksis blant lærarane er ulik, nokre er strenge, andre ser meir gjennom fingrane med ting. Foreldra og elevar melder også at merknader, både positive og negative kan kome fleire dagar etter hendinga.

3. Teikn på god praksis: Føresette omtalar skulen positivt.

God praksis:

Engasjementet for skulen finst. Både skulen og foreldregruppa ser at ein treffer kvarandre på ulike arenaer og at det kan styrke samhaldet. Den sosiale handlingsplanen for kommunen er gjennomgått og spissa for skulen sin del.

Praksis som kan bli betre:


Foreldra gir inntrykk av at det er nokre få ildsjelar som dreg lasset, og at det er vanskeleg å få folk til å delta i utvals- og rådsarbeid.

4. Teikn på god praksis: Føresette har god dialog med skulen

God praksis

Dei fleste foreldra meiner det er lett å ta kontakt med skulen og skulen har låg terskel for å melde heim.

Er det lett å ta kontakt med skulen?
26 svar



Praksis som kan bli betre:

Det er delte meiningar om samarbeidet mellom heim og skulen. Ein trur at ikkje alle vaksne er like i handtering av situasjonar. Det kan bli bagatellisert og på den andre sida kan bagatellar gi merknad, mens større avvik ikkje blir gripe tak i.

Kvalitetsmål: Organisasjonen

“Skulen er ein lærande organisasjon som utviklar dei tilsette sin relasjonskompetanse”.

1. *Teikn på god praksis:* Tydelege rammer og retningslinjer på kva som er forventa

God praksis:

Rektor har faste og hyppige møte med teamleiarar, tillitsvalde og verneombod. Nokre tilsette seier det er blitt lettare å ta opp ting. Skulen har hatt Smart oppvekst i fleire år for å skape ramme for klasse miljøet.

Praksis som kan bli betre

Dei tilsette gir uttrykk for at møtestrukturen gjer at ein sjeldan er fulltalig. Det er få møte der ein tek opp samarbeid mellom dei vaksne.

Skulen har mange satsingsområde, som gjer at ein ikkje går i djupne på kvart område. Det er uklart korleis dei tilsette kan vite om dei når måla og korleis det blir følgd opp av leiinga. Skulen har brukt SNU-metoden for å jobbe med klasse miljøet og kan bruke metodikken vidare i sitt utviklingsarbeid med relasjonar.

2. Teikn på god praksis: Pedagogisk fellesskap/kollektivt arbeid vert vektlagt.

God praksis:

Skulen har ein del fellesaktivitetar som både vaksne og elevar set pris på. På barneskulen er det lettare å samarbeide om uteskule eller andre aktivitetar som fremjar fellesskapet.

Praksis som kan bli betre:

Det er vanskeleg å få til møteplanen slik at alle kan møte. Det er uklart for vurderarane kva dei ulike møte skal brukast til. Skulen er for lite flink med analyse av resultat i undersøkingar som elevundersøkinga.

3. Teikn på god praksis: Leiinga legg til rette for at tilsette bygger relasjonar.

God praksis:

Oppfølging av førre vurdering vart gjennom fokus på klasseleiing. Ein samarbeidet for å utvikle rutinar og leiinga følgde opp med skulevandring. Skulen har mentorordning for nyutdanna. Nye medarbeidarar får separat innføring i rutinar og reglar før skulestart.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette har få fellesaktivitetar utanom skulen. Fleire saknar fellesaktivitetar for personalet. Det synest å vere to kulturar fordi personalet er fordelt over to bygg. Det er to ulike kulturar, ikkje alle kjenner namna på alle. Alle bør helse. Mange av dei tilsette ønskjer kursing eller opplæring i å bygge gode relasjonar. Dette må involvere heile personalet.

4. Teikn på god praksis: Innspel frå råd, utval og tilsette får medverke i plan, utviklingsarbeid og visjonar.

God praksis:

Kommunen har utarbeid ein sosial handlingsplan for nokre år sidan. Skulen med FAU har spissa denne planen som tilpassing til skulen. Resultat frå elevundersøking og foreldreundersøking blir drøfta i råd og utval. Dei tilsette ønskjer systematisk arbeid med skuleutvikling gjennom kurs og hospitering ved andre skular

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette er engasjerte i skulen sin og ønskjer å bli betre. Skulen har målingar på fagleg og sosial utvikling og bør utvikle tiltak og evaluering for å få framgang.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Elevmiljø: Korleis ta tak i utfordringane i elevmiljøet, finne tiltak og følgje dei opp?	Smartoppvekst, LINK, livetogsånn. Handlingsplan jfr. SNU
Tilsette: Korleis kan dei tilsette vere med på å skape ein felleskultur for heile skulen?	Fokusert på utviklingsarbeid, heile kollegiet Starte med å byggje ein felleskultur til det nye skulebygget.
Foreldre: Korleis kan foreldra bli meir involvert i skulemiljøet?	Gjere FAU og andre organ til aktive og kompetente samarbeidspartnarar.
Leiing. Korleis kan leiinga legge til rette for betre kommunikasjon og sørgje for systematisk oppfølging av måla?	Frå mål til resultat: tiltak, oppfølging og evaluering.

8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på skuleeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal skulen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast. Gjennom rapporten skal skular rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til skulane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Skule og dato

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Eksterne:

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med rektor fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging. Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og tre dagar på skulen. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen. Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Framdriftsplan:

Vekeplan:

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema/påstandsskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Gruppesamtalar/gruppeintervju med lærarar, elevar, foreldre (FAU og leiing.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i skulen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguidar er utarbeida med utgangspunkt i teikn på god praksis og nytta til intervju.